Fylkesmannen i Hordaland

SEKKINGSTAD AS
Skaganeset
5382 Skogsvåg

Bergen 04.12.2018

Dykkar ref.:
Øyvind Magnussen

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/12958
Sakshandsamar:
Britt Solheim

Rapport frå tilsyn ved Sekkingstad AS 6. november 2018

Kontrollnummer: 2018.020.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Anne Karethe Yddal
Øyvind Magnussen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Tom N. Pedersen
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sekkingstad AS den 06.11.2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka ingen avvik, men ga 1 merknad under inspeksjonen.

Merknaden er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Kopi til: Sund kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SEKKINGSTAD AS	
Organisasjonsnr.: 972292222	**Eigd av:** 963950837
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer elles	

Kontrollert eining

Namn: Sekkingstad AS	**Anleggsnr.:** 1245.0006.01
Kommune: Sund	**Fylke:** Hordaland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt: 11.03.2011	**Sist endra:**

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for slakteri og verksemder som driv med foredling av fisk og kjøt.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal
- Journalføring

Rapporten gjeld merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vi ber om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknaden er vurdert, og korleis han vil bli følgd opp innan 1. mars 2019, slik at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Britt Solheim.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 16. oktober 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sekkingstad AS betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det vart ikkje funne avvik under inspeksjonen.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknad under inspeksjonen:

Merknad 1

Måleprogrammet til verksemda kan vere meir utfyllande

Kommentarar:
Verksemdas måleprogram inneheld ikkje opplysningar om målemetode, val av måleperiodar, berekningar og utsleppsfaktorar, jf. punkt 10.2 i løyvet. Måleprogrammet må vise at målingane er kvalitetssikra, dvs. at dei er utført etter Norsk standard, eller dersom det ikkje finns, internasjonal eller utanlandsk standard. Måleprogrammet må vise at prøvetakingspunkta er etablert på stader som gjer det mogeleg å ta prøver i samsvar med dei aktuelle standardane, og slik at prøvene er representative for verksemdas drift.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Avfallsdeklarering.no (M421/2015)
- Farlig avfall fra virksomheter (TA-2945)
- Forventninger til virksomheters utslippskontroll (TA-2748)
- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Håndtering av farlig avfall (M284)
- Miljøkrav for fiskeforedlingsindustri (M-1112/2018)